



SYKKYLVEN KOMMUNE

KOMMUNEDELPLAN FOR STRAUMGJERDE 2017-2028

PID15282016006

03.09.2017

Konsekvensutgreiing



 INNHALD

1. VURDERINGSMETODE og DATAGRUNNLAG	5
1.1. Vurderingskriterium	5
1.2. Metode	5
1.3. Kriterier og datakjelder	5
1.3.1. Forureining og støy	5
1.3.2. Jordvern og kulturlandskap	6
1.3.3. Naturmangfald	6
1.3.4. Kulturminner og kulturmiljø	6
1.3.5. Friluftsliv	7
1.3.6. Transportbehov, energiforbruk og samordna arealbruk	7
1.3.7. Teknisk infrastruktur	7
1.3.8. Samfunnstryggleik	8
1.3.9. Barn og unges oppvekstvilkår	8
1.3.10. Folkehelse	9
1.3.11. Tilgjenge for alle	9
2. Vurdering av nye byggeområde	10
2.1. BU1	11
2.2. TE1	13
2.3. NA1	15
2.4. RO1	17
2.5. RÅ1	19
2.6. SE1 – SE5	21
2.7. SE6	23
2.8. SB1	25
3. Vurdering av samla konsekvens av planen	27
3.1. Tematisk vurdering av konsekvens	28
3.1.1. Forureining og støy	28
3.1.2. Jordvern og kulturlandskap	28
3.1.3. Naturmangfald	28
3.1.4. Kulturminne og kulturmiljø	28
3.1.5. Friluftsliv	28
3.1.6. Transportbehov, energiforbruk og samordna arealbruk	28
3.1.7. Teknisk infrastruktur	28
3.1.8. Samfunnstryggleik	28
3.1.9. Barn og unges oppvekstvilkår	28
3.1.10. Folkehelse	28
3.1.11. Tilgjenge for alle	28
3.1.12. Sentrumsutvikling	29

1. VURDERINGSMETODE og DATAGRUNNLAG

1.1. Vurderingskriterium

Rammene for planarbeidet er fastsett i planprogrammet vedteke av Nærings- og utviklingsutvalet i møte 15.02.2016 .

Kriterium i vurderinga er valt ut frå Forskrift om konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningslova (FOR-2014-12-19-1726) , vedlegg IV. Rammer for innhald i konsekvensutgreiing.

1.2. Metode

Vurderingane er sett opp skjematisk i eit fastsett matrise. Ved hjelp av kart og foto synleggjer ein nosituasjon og ønska arealbruk.

Konsekvensar er vurdert i høve til dei fastsette kriteria. Vurdering vert delt inn i:

- + : Positive konsekvensar
- 0 : Ingen vesentlege konsekvensar
- : Negative konsekvensar

Konsekvensane kan ikkje summerast matematisk, men synleggjer konsekvensane av tiltaket for dei ulike tema. Om konsekvensar for eitt vurderingskriterium er så negative at ei utbygging er vurdert som uakseptabel uavhengig av konsekvensar for andre kriterium, vert utbygging ikkje tilrådd.

Omgrepet "uakseptable negative konsekvensar" inneber m.a.o. at dei negative konsekvensane er så vesentlege at dei ikkje let seg vege opp for andre positive konsekvensar, eller at ulemper ikkje let seg minimere gjennom avbøtande tiltak.

Verdien 0 er brukt der tiltaket vert vurdert til ikkje å ha vesentlege konsekvensar for omgjevnadene.

Moglege avbøtande tiltak er vurdert separat.

Sist er det gitt ein konklusjon på bakgrunn av konsekvensar og eventuelle avbøtande tiltak. Avbøtande tiltak kan vere lagt inn som ein føresetnad for utbygging.

1.3. Kriterier og datakjelder

1.3.1. Forureining og støy

Jf. St.meld. nr. 26 (2006-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand* skal spreiding av miljøgifter frå forureina grunn stansast eller reduserast vesentlig. Dessutan skal lokal luftforureining førebyggast og reduserast.

I konsekvensutgreiinga er det vurdert om eit foreslått byggetiltak vil føre til forureining i område. Langsiktig arealplanlegging som førebygg støy, er det mest kostnadseffektive tiltaket for å redusere støyplager, jf. statens *handlingsplan for støy 2007-2011*.

For nye byggeområde er konsekvensane vurdert utifrå kva grad utbygging vil verte utsett for støy frå eksisterande støykjelder. Der ein har område som kan vere utsett for støy har kommunen lagt inn krav om reguleringsplan for å avklare behovet for støydempande tiltak gjennom ein detaljplan.

For vurdering av støy er det lagt til grunn fylgjande kriterier:

- ÅDT langs nærliggande fylkes- og kommunevegar
- Støysonekart frå Statens vegvesen(sjå eige temakart)
- Nærleiken til industribedrifter eller andre potensielt støyande verksemdar..

1.3.2. Jordvern og kulturlandskap

Regjeringa har sett som mål at årleg omdisponering av dei mest verdifulle jordressursane skal halverast innan 2010 (St. meld. nr 26 -2006-07 Regjeringas miljøpolitikk og rikets miljøtilstand).

Vidare skal kulturlandskapet forvaltest slik at kulturhistoriske og estetiske verdiar, biologisk mangfald og tilgang vert oppretthalde.

Konsekvensvurderinga for landbruk og kulturlandskap tek utgangspunkt i registreringa av kjerneområde landbruk for Sykkylven kommune (2008).

Kjerneområde landbruk består av to typar areal:

- 1 - verdifulle areal til matproduksjon
- 2 - verdifulle landbruksprega kulturlandskap

Omdisponering av areal innanfor kategori 1 vert vurdert som svært negativt.

Omdisponering av areal innanfor kategori 2 vert vurdert som mindre negativt, men stiller krav til terrengtilpassing og tilpassing til eksisterande landbruksdrift.

1.3.3. Naturmangfald

Naturmangfald vert definert som variasjonen av levande organismar (biologisk mangfald), landskap og geologiske tilhøve.

Kommunen har ansvar for å ta vare på viktige naturressursar, naturtypar og artar. *St. meld. Nr 26 (2006-07) Regjeringas miljøpolitikk og rikets miljøtilstand* har som målsetjing at gjennom bevisst planlegging skal naturgrunnlag og biologisk mangfald sikrast og takast vare på for komande generasjonar. I KU er det i størst muleg grad søkt å ta vare på viktige naturverdiar.

Kartlegging av biologisk mangfald i Sykkylven kommune (2011), kartlegging av inngrepsfrie naturområde i Noreg (INON), Naturbasen (DN) og Artsdatabanken er brukt i vurderingane.

1.3.4. Kulturminner og kulturmiljø

"Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning.

Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressurser som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og fremtidige generasjoners opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet."
(Kulturminnelova § 1)

Databasen "Askeladden" (Riksantikvaren) er nytta for å vurdere om det kan vere konflikt med tenkt utbyggingsområde og automatisk freda kulturminner samt SEFRAK registrerte bygg. "Naturbasen" og kartgrunnlag utarbeidd i samband med kartlegging av Kjerneområde landbruk er nytta i forhold til kulturlandskap.

1.3.5. Friluftsliv

Friluftsliv er eit fellesgode som må sikrast som kjelde til god livskvalitet, auka trivsel, betre folkehelse og berekraftig utvikling

«Område av verdi for friluftslivet skal sikrast slik at miljøvennleg ferdsle, opphald og hausting vert fremja og naturgrunnlaget bevart» (*St. meld. nr 26 2006-07 Regjeringas miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*).

Under punktet "Friluftsliv" er det vurdert om utbyggingstiltaket vil redusere viktige friluftsområde. Dersom det er forslag om bustadområde, vil det i tillegg bli vurdert om tilgangen til gode rekreasjonsområde er tilfredsstillande.

Kunnskapsgrunnlaget er registrerte turstiar og attraktive friområder innanfor planområdet. Kjelder er oversikt over statleg sikra friluftsområde, friluftsbasen FRIDA, barnetrakk-kartlegging, Straumgjerde folkestiar og turkart for Sykkylven.

1.3.6. Transportbehov, energiforbruk og samordna arealbruk

Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging (04.09.2009) har som mål å sikre at kommunane går føre i arbeidet med å redusere klimagassutslepp og å sikre meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging i kommunane.

Sykkylven kommune har utarbeidd eigen klimaplan gjennom eit regionalt samarbeid i regi av Ålesundsregionens Utviklingskontor. Planen vart vedteken i 2010.

Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging (T-1057) har som målsetjing at transportbehovet skal minimerast gjennom god arealplanlegging. Dette kan gjerast ved å legge til rette for at folk kan bu der det er kort avstand til daglege gjeremål. På den måten reduserer ein den interne trafikken i kommunen og dermed dei negative konsekvensar dette har for klima, tryggleik og vedlikehaldskostnader.

Ved vurdering i kva grad nye utbyggingar vil føre til av auka trafikk, er det lagt vekt på avstand mellom bustadområde, sentrumsfunksjonar, skule og arbeidsplassar. Nærleik til kollektivtilbod er og del av denne vurderinga.

1.3.7. Teknisk infrastruktur

Teknisk infrastruktur omfattar i denne samanheng veg, vatn, avløp, el-forsyning, fiberkabel o.a. Straumgjerde blir forsynt av privat vassverk.

Best mogleg utnytting av eksisterande anlegg er samfunnsøkonomisk lønnsamt .

- Avstand til vassverk har også eit tryggleiksmoment, då det gir betre tilgang på sløkkjevatt ved brann. Sløkkjevasskapasiteten er kartlagt i ROS - analysen for kommunen og kartfesta i eit eige vedlegg der.
- Nærleik til offentleg eller privat vatn- og avløpsleidning vert ut frå desse grunnane, vurdert som positivt.

Det vert også vurdert som positivt dersom eit foreslått tiltak ligg nær offentleg køyre-, gang- og sykkelvegnettet. Utbygging langs kollektivtraseen vil gjere det lettare å nytte kollektivtransport og såleis positivt for både miljø og samfunn.

1.3.8. Samfunnstryggleik

Det er eit kommunalt ansvar å syte for at nye tiltak ikkje vert plassert slik at menneske eller materielle verdiar vert utsett for fare. Ein må unngå utbygging i område som kan vere utsett for ras, flaum eller andre natur- og menneskeskapte risikotilhøve.

Kommunal ROS-analyse (revidert 2017) inneheld temakart som syner verksemdsrisiko (menneskeskapt), beredskapstilhøve og sårbare objekt (vedlegg C). Temakarta vart produsert i 2009. Kunnskap om naturrisiko som skredfare, flodbølgeoppskylning og flaum er henta frå kartbasar hos NVE og NGU.

Nye rasfaresonekart vart publisert av NVE i 2015 i rapport 34-2015 *Skredfarekartlegging i Sykkylven kommune*.

Oppskylning frå flodbølge etter ras i Åkneset er berekna til maksimum 3 meter i planområdet. Ved utrekning av oppskyllingshøgder er det teke omsyn til forventa havnivåstigning dei neste 100 åra. (NGI-rapport Åknes/tafjord-prosjekt 20051018-00-1-R, revidert 21.02.2011).

Utbygging innanfor faresoner må dokumentere tiltak som stettar krava sett i byggt teknisk forskrift, § 7-4. Dette er innarbeidd i føresegnene til planen.

Der utbyggingsplanar kjem i konflikt med kartlagt risiko, må nærare undersøkingar gjerast for å avklare faktisk risiko for det enkelte byggjeprojekt, ev. utgreiing av avbøtande tiltak som kan sikre planlagt utbygging.

1.3.9. Barn og unges oppvekstvilkår

Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge seier at det ved bustader, skular og barnehagar skal vere god tilkomst til variert og samanhengande grønstruktur med samband til omkringliggjande naturområde. Areal som vert brukt av barn og unge, skal vere sikra mot m.a. forureining, støy og trafikkfare. Som planstyresmakt har kommunen ansvar for å sjå til at dette blir følgt opp. Natur og friluft er viktige oppvekstvilkår for barn og unge.

Nye byggeareal som kjem i konflikt med registreringar frå barn og unge får negativ verdi i konsekvensvurderinga.

Kunnskapsgrunnlag er Barnetrakk-kartlegging i Sykkylven (2008 og 2014) og prosessmedverknad frå elevlar ved Tandstad skule og barnerepresentanten i kommunen.

Reglar om nærleikeplassar mm vert tatt inn frå kommuneplanen, arealdelen (2013).

1.3.10. Folkehelse

Overordna målet i St.meld. nr. 16 (2002-2003) *Resept for et sunnere Norge* er fleire år med god helse i befolkninga som heilskap.

Kommunen skal arbeide for å fremje folkehelse og bidra til å sikre befolkninga mot faktorar i miljøet som kan ha negativ påverknad på helse.

Ulukeføybygging, sosiale miljøfaktorar og omgjevnadshygiene dannar utgangspunktet for arbeidet med miljøretta helsevern i plan- og bygningslova.

Under fleire forskjellige vurderingskriterium vert det sett på konsekvensar for folkehelse. På denne måten vert det unngått å verdsetje konsekvensar for like interesser fleire gongar.

Følgjande kriterium omfattar vurdering av folkehelse:

- Samfunnstryggleik (ulukkesføybygging)
- Friluftsliv (sosiale miljøfaktorar og tilgang på natur – og grøntområde)
- Støy og forureining (negative miljøfaktorar av biologisk, eller kjemisk art)
- Lokalklima, soltilhøve, utsikt

1.3.11. Tilgjenge for alle

Kommunen har som planmynde det primære ansvaret for å legge dei nasjonale måla om tilgjenge for alle inn som ein del av avgjerdsgrunnlaget ved kommunal planlegging og enkeltsakshandsaming i forhold til plan (Regjeringas rundskriv T-5/99 B *Tilgjenge for alle*)

Universell utforming til uteområde og bygningar er eit sentrale krav til utbygging (Teknisk forskrift, TEK10)

Råd for funksjonshemma er trekt inn i planprosessen under utarbeiding av planforslag og i høyringsprosessen.

I kommunedelplanen er universell utforming lagt inn som ei generell føring for all detaljregulering, i samsvar med kommuneplanen, arealdelen (2013). Tema er derfor ikkje tatt inn som eige punkt i konsekvensvurderinga.

2. Vurdering av nye byggeområde

Planen omfattar få nye byggeområder. Jamfør planomtalen er ei av hovudmålsettingane med rulleringa å oppgradere gjeldande plan til gjeldande plan- og bygningslov.

I tillegg til forslag om nye byggeområde er det i konsekvensvurderinga også tatt med endringa av arealføremål for eksisterande byggeareal i sentrum, samt eit større område for spreidd busetting.

Konsekvensvurderinga omfattar følgjande område:

Nye byggeområder:

	Planføremål		Areal
BU1	Bustad	Straumgjerde	6
TE1	Tenesteyting	Vårvon	2
NA1	Naust	Tandstad	0,4
RO1	Rorbu	Tandstad	0,6
RÅ1	Råstoffutvinning	Tandstad	6

Eksisterande byggeområder med nytt føremål:


Sentrumsføremål SE1 – SE6

Områda er omgjerding av eksisterande blanda arealføremål i sentrum (bustad/næring/tenesteyting), og vert vurdert samla i konsekvensutgreiinga.


			Areal
SE1	Sentrumsføremål	Straumgjerde	1,8
SE2	Sentrumsføremål	Straumgjerde	3,1
SE3	Sentrumsføremål	Straumgjerde	3,0
SE4	Sentrumsføremål	Straumgjerde	2,5
SE5	Sentrumsføremål	Straumgjerde	2,1
SE6	Sentrumsføremål	Straumgjerde	6,5

LNF-område for spreidd busetting:

			Areal
SB1	Spreidd busetting	Riksheimgjerdet	118

2.1. BU1	NYTT BUSTADAREAL STRAUMGJERDE Eigedom: gbnr. 23/1, 23/5 Areal: 7,5 daa Gjeldande planstatus: LNF Ny plan: Bustad Arealet omfattar ca 4,5 da fulldyrka jord, 1,4 da anna fastdekt mark og 1,4 da bebygd areal (frådelt tomt). Området ligg sentralt i Straumgjerde, nord for eksisterande bustadfelt. Forslag om nytt byggeområde kom fram på folkemøte i krinsen ut frå ønske om sentrumsnære tomter.		
Oversikt:	Foto:		
			
Gjeldande plan:	Nytt planforslag:		
			
Tema	Vurdering	Konsekvens	
Forureining og støy	Ikkje registrert konflikter.	+	
Jordvern og kulturlandskap	Omfattar ca 4,5 da fulldyrka jord og 1,4 da anna jorddekt fastmark. Utanfor registrert kjerneområde landbruk - kulturlandskap	-	
Naturmangfald og	Ikkje registrert konflikt.	+	

miljøverninteresser		
Kulturminne/-miljø	Ikkje registrert konflikt.	+
Friluftsliv	Ikkje registrert konflikt. Nær turområde og skogsveg til Straumsdalen.	+
Transport, energi	Gangavstand til skule, barnehage, butikk og kollektivknutepunkt. (300 – 500 m)	+
Teknisk infrastruktur	Kan knytast til eksisterande infrastruktur.	+
Samfunnstryggleik	Ikkje registrerte fare	+
Barn og unge	Nær skule og barnehage med opparbeida leikeområde. Elevar ved skulen foreslår området som bustadområde samstundes som det er ein registrering av leik på området. Området er ikkje registrert som leikeområde ved barnetakk-kartlegginga.	0
Folkehelse	Nær attraktive naturområder, turveg, leikeplass mm. Gangavstand til sentrumsfunksjonar og kollektivknutepunkt. Ikkje utsett for forureiningsfare eller støy. Vestvendt, solrikt.	+
Avbøtande tiltak: Detaljutføring må gjerast gjennom reguleringsplan. Krav om universell tilpassing.		
Konklusjon: Ut frå ei samla vurdering vert det foreslått nytt byggeareal.		


2.2. TE1	TENESTEYTING Parkeringsareal ved ungdomshuset Vaarvon Areal: 2,5 daa Gjeldande planstatus: LNF Ny plan: Tenesteyting		
Oversikt:	Foto:		
			
Gjeldande plan:	Nytt planforslag:		
			
Tema	Vurdering	Konsekvens	
Forureining og støy	Ikkje konflikt	+	
Jordvern og kulturlandskap	Berører 2,5 da dyrkajord. Ca 0,5 da er omdisponert etter gjeldande plan, men ikkje tatt i bruk.	-	
Naturmangfald og miljøverninteresser	Ikkje konflikt med registrerte verdiar	+	
Kulturminne/-miljø	Ikkje konflikt. Ungdomshuset er i seg sjølv eit kulturminne frå nyare tid.	+	
Friluftsliv	Ikkje konflikt.	+	
Transport, energi			
Teknisk infrastruktur	Eksisterande.	+	
Samfunnstryggleik	Ikkje risikoutsett område. Under marin grense.	0	
Barn og unge	Ikkje konflikt.	+	
Folkehelse			

Avbøtande tiltak:**Konklusjon:**



Ut frå aktivitet og funksjon ungdomshuset har fått siste åra, der det er blitt eit ettertrakta aktivitetshus for Straumgjerde og for heile kommunen, ser ein at trafikkmessige tilhøve kring ungdomshuset og på Straumsheimvegen er vanskelege på grunn av lite parkeringsareal.

Det vert derfor foreslått å ta inn utviding av området i samsvar med UL Samhald sitt innspel.


Forslagsstillar er avhengig av avtale med grunneigar. Planforslaget sikrar at det ikkje kjem andre bygg som kan hindre ei framtidig utviding av uteområdet rundt Vaarvon.

2.3. NA1		NAUST Eigedom: Gjeldande planstatus: LNF	Areal: 0,4 da Ny plan: Naust
Oversikt:		Foto:	
			
Gjeldande plan:		Nytt planforslag:	
			
Tema	Vurdering	Konsekvens	
Forureining og støy	Ikkje konflikt.	+	
Jordvern og kulturlandskap	Ligg mellom dyrkajord og sjø. Vil berøre dyrkajord, men i svært liten grad. Landskapsmessig i eit område med lite press på strandsona. Plassert nær eksisterande frådelt nausttomter som vert søkt omgjort til rorbuer (sjå område RO1).	0	
Naturmangfald og miljøverninteresser	Ikkje konflikt med registrerte verdiar.	+	
Kulturminne/-miljø	Ikkje konflikt.	+	
Friluftsliv	Strandsone med lite press. Ikkje registrert konflikt.	+	
Transport, energi	Samlokalisert med anna naustbebyggelse.	+	
Teknisk infrastruktur	Føresegnene legg til rette for enkle naust i tradisjonell utforming, utan store krav til tekniske installasjonar. Moglege behov vert å samordne med naboområde for rorbuer.	+	
Samfunnstryggleik	Innanfor eit mindre område registrert som aktsemdsområde for flaum. Truleg samanheng med eit mindre bekkeløp som no ligg i	0	



	røyr. Vurdert til lite risikoutsett.	
Barn og unge	Ikkje registrert konflikt.	+
Folkehelse		
Avbøtande tiltak:		
Konklusjon:		
Arealet vert tatt inn i plan som naustområde med føresegner i samsvar med vedtatt kommuneplan, arealdelen frå 2013.		

2.4. R01	RORBU Eigedom: Areal: 0,3 daa Gjeldande planstatus: LNF Ny plan: Naust		
Oversikt:	Foto:		
			
Gjeldande plan:	Nytt planforslag:		
			
Tema	Vurdering	Konsekvens	
Forureining og støy	Ikkje konflikt	+	
Jordvern og kulturlandskap	Eksisterande, godkjente frådelt tomter. Gjeld omgjerung frå naust til rorbuer.	0	
Naturmangfald og miljøverninteresser	Ikkje registrert konflikt.	+	
Kulturminne/-miljø	Ikkje registrert konflikt.	+	
Friluftsliv	Strandsone med lite press. Ikkje registrert konflikt.	0	
Transport, energi			
Teknisk infrastruktur	Felles tilkomst med eksisterande naust.	+	
Samfunnstryggleik	Stormflo/flodbølgeoppskylling. Må avklarast i detaljregulering.	-	



Barn og unge	Ikkje registrert konflikt.	
Folkehelse		
Avbøtande tiltak: Detaljregulering må avklare tryggleik om flodbølgeoppskylling. Konklusjon: Arealet er tidlegare godkjent omdisponert til byggeformål. Omgjering til rorbuer vert vurdert som lite konfliktfylt. Samlokalisering med eksisterande naust i sør og nye naust i nord, samlar inngrepa i strandsona. Arealet vert tatt inn i plan som omsøkt. Maks areal vert sett til 50 m2 til liks med maks naustareal.		

2.5. RÅ1	RÅSTOFFUTVINNING Eigedom: Areal: 2 daa Gjeldande planstatus: LNF Ny plan: Råstoffutvinning		
Oversikt:	Foto:		
			
Gjeldande plan:	Nytt planforslag:		
			
Tema	Vurdering	Konsekvens	
Forureining og støy	God avstand til nabohus og byggeområde, men kan generere støy og støvplager. Tilhøva må nærare vurderast i samband med detaljregulering, og eventuelle avbøtande tiltak dokumenterast.	-	
Jordvern og kulturlandskap	Overflatedyrka, innmarksbeite og skogsmark. Eksisterande grusuttak innanfor området. Vil påverke landskapsbildet. Avbøtande tiltak må dokumenterast i samband med detaljregulering. Det same gjeld plan for tilstelling etter avslutta uttak.	-	
Naturmangfald og miljøverninteresser	Ikkje registrert konflikt.	+	




Kulturminne/-miljø	Ikkje registrert konflikt.	+
Friluftsliv	Ikkje registrert konflikt	+
Transport, energi		
Teknisk infrastruktur		
Samfunnstryggleik	Delvis innanfor risikosone for skred, i hovudsak 5000-års grensa. Saman med tiltakets art vert risikotilhøva vurdert som moderate, men må nærare vurderast ved detaljregulering.	+
Barn og unge	Ikkje registrert konflikt.	
Folkehelse		
Avbøtande tiltak: Landskapstilpassing og plan for tilstelling etter avslutta utak må dokumenterast i samband med detaljregulering.		
Konklusjon: Krav om detaljregulering. Må avklare avbøtande tiltak i høve støy og støv, trafikk, risiko mm. Krav om plan for tilstelling og tilbakeføring til landbruksjord.		

2.6. SE1 – SE5		SENTRUMSAREAL Sentrumsareal i Straumgjerde Gjeldande planstatus: Blanda føremål bustad forretning	Areal: Samla areal 12,5 da. SE1 – 1,8 da, SE2- 3,1 da, SE3 – 3,0 da, SE4 – 2,5 da, SE5 – 2,1 da. Ny plan: Sentrumsføremål
Oversikt:		Foto:	
			
Gjeldande plan:		Nytt planforslag:	
			

Tema	Vurdering	Konsekvens
Forureining og støy	Delvis innanfor støysone langs Fv60. Støytilhøve må utgreiast i samband med detaljregulering.	-
Jordvern og kulturlandskap	Ikkje konflikt. Heile arealet er utbygd med bustad/forretning.	+
Naturmangfald og miljøverninteresser	Ikkje konflikt med kjente registreringar.	+
Kulturminne/-miljø	Ikkje konflikt med kjente registreringar.	+
Friluftsliv	Ikkje konflikt med kjente registreringar.	+
Transport, energi	Sentrumsareal. Gangavstand til skule, barnehage, butikk, kollektivtilbod.	+
Teknisk infrastruktur	Kan nytte eksisterande anlegg.	+
Samfunnstryggleik	Utanfor registrerte faresoner. Under marin grense. Grunntilhøve må undersøkast i samband med nybygg innanfor gjeldande reguleringsplan.	+
Barn og unge	Ikkje konflikt med barnetrakk-registrering.	+
Folkehelse		
Avbøtande tiltak: Regulert og utbygd område. Støy og grunntilhøve må vurderast i samband med detaljplanlegging/omregulering evt. byggesak. Eventuelle avbøtande tiltak må utgreiast. Konklusjon: I gjeldande plan er sentrumsareala i Straumgjerde avsett til blanda føremål. Blanda føremål er ikkje i samsvar med dagens plan- og bygningslov. Arealstatus vert endra til sentrumsføremål for å behalde ein fleksibel plansituasjon i sentrum. Området er utbygd med bustad/forretningsbygg. Fleksibel planstatus gir høve til variert bruk		

2.7. SE6	SENTRUMSAREAL Eigedom: Areal: ca 6,5 daa Gjeldande planstatus: Off. og privat tenesteyting og bustad. Ny plan: Sentrumsføremål
Oversikt:	Foto:
	
Gjeldande plan:	Nytt planforslag:
	

Tema	Vurdering	Konsekvens
Forureining og støy	Delvis innanfor støysone langs Fv60. Nær industriområde. Støytilhøve må utgreiast i samband med detaljregulering.	-
Jordvern og kulturlandskap	Eksisterande utbyggingsareal. Landbruksdrift i dag, men arealet er godkjent omdisponert i tidlegare planar: Reguleringsplan Leirå PID 1528 1997005 og Kommunedelplan for Straumgjerde (2003).	-
Naturmangfald og miljøverninteresser	Ikkje konflikt med kjente registreringar.	+
Kulturminne/-miljø	Ikkje konflikt med kjente registreringar.	+
Friluftsliv	Ikkje konflikt med friluftsinteresser. Nær attraktive friluftsområder.	+
Transport, energi	Sentrumsareal. Gangavstand til skule, barnehage, butikk, kollektivtilbod.	+
Teknisk infrastruktur	Kan nytte eksisterande anlegg.	+
Samfunnstryggleik	Utanfor registrerte faresoner. Under marin grense. Grunntilhøve må undersøkast i samband med detaljregulering.	+
Barn og unge	Ikkje konflikt med barnetrakk-registrering. Avhengig av framtidig utbygging må krav til leikeareal, mm stettast innanfor området. Nær skule	+
Folkehelse		+
Avbøtande tiltak: Krav om detaljregulering. Støy og grunntilhøve må vurderast i samband med regulering. Eventuelle avbøtande tiltak må utgreiast. Konklusjon: Gjeld areal sentralt i Straumgjerde avsett til offentleg føremål i gjeldande plan. Behov for eige areal til tenesteyting er vurdert som tilfredsstillande gjennom dei areala som alt er lagt ut til dette føremålet. Gjennom omdefinering til sentrumsføremål skaper ein eit meir fleksibelt planverktøy for sentrum som kan gi større rom for utvikling.		

2.8. SB1	SPREIDD BUSETTING Eigedom: Areal: ca 118 daa Gjeldande planstatus: LNF Ny plan: LNF- Spreidd busetting		
Oversikt:	Foto:		
			
Gjeldande plan:	Nytt planforslag:		
			
Tema	Vurdering		Konsekvens

Forureining og støy	Må vurderast i kvart enkelt tilfelle. Avstandskrav til veg, jfr. Veglova. Ikkje registrerte forureiningstilhøve innanfor område.	0
Jordvern og kulturlandskap	Omsyn til vern av dyrkajord er lagt inn i føresegnene. Kartlegging av kjerneområde landbruk er lagt til grunn, med streng haldning til omdisponering innanfor verdifull dyrkajord. Tiltaka som ligg innanfor kulturlandskap i kjerneområde landbruk, skal dokumentere at det er teke omsyn til kulturlandskapsverdiar.	0
Naturmangfald og miljøverninteresser	Ingen kjende registreringar.	+
Kulturminne/-miljø	Fire registrerte SEFRAK-bygg i SB10. Omsyn skal vurderast i byggesak.	0
Friluftsliv	Utanfor viktige friluftsområde. Delvis innanfor 100-metersbeltet. Krav om omsyn til lokale turstiar mm. teke inn i føresegnene. Nær attraktive friluftsområde i skog og fjell, og gode fiskemulegheiter i sjø.	0/+
Transport, energi	0,7-1,5 km til skule, barnehage, butikk og kollektivknutepunkt. Lokalbuss går gjennom området.	0/-
Teknisk infrastruktur	Må vurderast i kvart einsild tilfelle. Private løysingar må påreknast.	-
Samfunnstryggleik	I føresegnene til planen er det lagt inn krav om dokumentasjon av risikotilhøve dersom planlagt tiltak ligg innanfor risikoutsette område, jf. ROS-kartlegging. Mindre delar av området ligg i rasfaresone. Ev. ustabil grunn og marine strandavsettingar. Avklaring må gjerast i kvar enkelt byggesak.	0
Barn og unge	Krav om omsyn til turvegar, grøntområde, barnetrakk-registrering, mm. er lagt inn i føresegnene.	0
Folkehelse		
Avbøtande tiltak: Konsekvens av utbygging må vurderast i kvart einsild tilfelle. Viktige vurderingskriterier er innarbeidd i føresegnene. Konklusjon: Arealet er ei samordning med tilsvarande sone SB10 i kommuneplanen, arealdelen (2013), tatt inn og vist som eksisterande sone for LNF-spreidd busetting i plankartet. Føregner for området vert som i kommuneplanen. Føresegnene opnar for spreidd busetting med inntil 5 bustadar for planperioden innanfor den samla nye sona. Føresegnene gir reglar om jordvern, naturomsyn, samfunnssikkerhet, mm. Det er lågt byggepress i området.		

3. Vurdering av samla konsekvens av planen

Planen legg opp til kun mindre endringar i arealbruken, samanlikne med gjeldande plan. Eitt av hovudmåla med rulleringa var då også å oppdatere planen til dagens krav, jamfør Plan- og bygningslova frå 2008.

Dei største arealmessige endringane er at eit massetak er ført tilbake til LNF (overflatedyrka/beite) og eit større bustadhareal (Hjellane) er ført tilbake til LNF (skog/utmark).

I sentrum er godkjent byggeareal bustad/forretning og tenesteyting endra til sentrumsføremål.

Eitt mindre nytt bustadområde er lagt inn. Dette berører dyrka jord.

Det er gjort små inngrep i strandsona, jamfør gjeldande plan og eksisterande utbyggingar.

Planen legg opp til ei viss fortetting og ein fleksibilitet i sentrumsområdet, som ein vonar skal bidra til utvikling og vekst i Straumgjerde.

Det er søkt å ta omsyn til fokehelsefremjande faktorar gjennom grøntsoner og omsynssoner. Viktige areal er lagt ut som friområder, med gangavstand mellom ulike arealfunksjonar, gode møteplassar er sikra rom, det er lagt inn gang og sykkelveggar langs alle hovudveggar.

Barn og unge har deltatt med kunnskap i planprosessen. Det er søkt å unngå konflikter med barnetrakkregistreringar, samt sikre areal av stor verdi for barn og unge.

Nye områder:

Nr	Område	Føremål i dag	Foreslått føremål	Areal	Konsekvens	Tilråding
BU1	Straumgjerde	LNF	Bustad	6	+	Mindre utviding av eksisterande byggefelt sentralt i Straumgjerde. Overvekt av positive vurderingar.
TE1	Vårvon	LNF	Tenesteyting	2	+	Positiv effekt for sentralt kulturmiljø/-bygg, vurdert å vege opp for inngrep i dyrkajord.
NA1	Tandstad	LNF	Naust	0,4	+	Inngrep i kulturlandskap og strandsone. Ut frå landskapskarakter vurdert som akseptabelt.
RO1	Tandstad	LNF	Rorbu	0,6	+	Inngrep i kulturlandskap og strandsone. Ut frå landskapskarakter vurdert som akseptabelt. Krav i føresegnar om tilgjenge for ålmenta, mm.
RÅ1	Tandstad	LNF	Råstoffutvinning	6	+	Samla konsekvens vurdert som akseptabel. Krav om detaljregulering med plan for tilstelling etter uttak.
SB1	Riksheimgjerde	LNF	LNF - Spreidd busetting	118	+	Utbygging samordna med tilsvarande område i Kommuneplanen arealdelen. Maks 5 bygg spreidd, lokalisert etter nærare kriterer gitt i føresegnene.

3.1. Tematisk vurdering av konsekvens

3.1.1. Forureining og støy

Nye byggeområder er lagt utanfor støyutsette områder. Nytt massetak på Tandstad må gjere støyvurderingar i samband med detaljregulering.

3.1.2. Jordvern og kulturlandskap

Planen legg opp til omdisponering av ca 8 dekar dyrkajord. Dette er utbygging i forlenging av eksisterande byggefelt. Det er unngått å gå inn i kjerneområde.

Naust/orbuer gjer inngrep i kulturlandskapet. Kommunen vurderer inngrepa som akseptable sett ut frå landskapets karakter innanfor planområdet og ut frå eksisterande bygg

3.1.3. Naturmangfald

Nye byggeområder er ikkje i konflikt med registrerte viktige naturverdiar. Etter 1.høyring er byggeområde BU2 i strandsona tatt ut. Dette gir redusert press på strandsona og på fjøreområdet.

3.1.4. Kulturminne og kulturmiljø

Planen er ikkje i konflikt med registrerte kulturmiljø. To kulturminner har fått eiga omsynssone H570.

3.1.5. Friluftsliv

Viktige områder for friluftsliv er lagt ut som eigne omsynssoner. Nytt utbyggingsområde er ikkje i konflikt med registrerte friluftssoner. God tilkomst til friluftsområder frå bustadområda.

3.1.6. Transportbehov, energiforbruk og samordna arealbruk

Planen legg opp til fortetting/samling av ny utbygging rundt sentrumsområdet i Straumgjerde, med lett tilgang til skule, butikk og kollektivtransport.

3.1.7. Teknisk infrastruktur

Nytt utbyggingsområde kan nytte eksisterande teknisk infrastruktur.

3.1.8. Samfunnstryggleik

Ny bustadbygging er lagt utanfor risikosoner. Krav om detaljvurdering og eventuelle avbøtande tiltak ved andre byggetiltak innanfor risikosoner er lagt inn i plan.

3.1.9. Barn og unges oppvekstvilkår

Krav til uteareal, leikeplassar mm vert samordna med kommuneplanen frå 2013. Ved utforming av planen er det tatt omsyn til barns interesser, jfr barnetrakk-kartlegging og samarbeid med Tandstad skule.

3.1.10. Folkehelse

Planen sikrar viktige friluftsområder. Det er lagt inn gangvegar langs hovudvegnettet. Bustadbygging er samla sentralt.

3.1.11. Tilgjenge for alle

Krav om universell tilpassing, jfr. Teknisk forskrift, gjeld alle byggetiltak, og er nedfelt i føresegnene.

3.1.12. Sentrumsutvikling

Planen gjer om eksisterande sentrumsareal med blanda føremål bustad/forretning til sentrumsføremål. Blanda føremål er ikkje i samsvar med dagens plan- og bygningslov.

Etter 1.høyering er areala avgrensa noko meir enn i gjeldande plan. Avgrensinga er gjort delvis ut frå eksisterande bygningsmasse innretta mot næringsaktivitet, og for å behalde moglegheita for ny næringsverksemd i sentrum. Inntil for få år sidan hadde Straumgjerde eit variert næringsliv, ikkje som konkurranse til kommunesenteret, men som eit supplement. Arealknappheit i kommunesentrum gjer at Straumgjerde kan tenkast som alternativ lokalisering, og som vil vere å føretrekke framfor ytterlegare etableringar av forretningsdrift innanfor industriområder.

Avgrensingar i Rikspolitiske retningslinjer for kjøpesenter og Regional delplan for attraktive tettstadar er tatt inn i føresegnene.